



Arkiv: K2-S82
JournalpostID: 19/11019
Sakshandsamar: Tveit, Kjersti Sande
Dato: 12.09.2019

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
051/19	Kommunestyret	18.09.2019
038/19	Komit� plan, n�ring, milj� og teknikk	18.09.2019

Nasjonal ramme for vindkraft p  land. H yringsuttale.

R dmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret er positive til at det vert fastsett ei Nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret vurderer likevel at kunnskapsgrunnlaget i dokumentet er for svakt til at ramma kan nyttast slik ho ligg f re. Kommunestyret meiner at området som er f reslege i Askvoll kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging, og at det m  takast ut av Nasjonal ramme for vindkraft.

18.09.2019 Komit  plan, n ring, milj  og teknikk

Handsaming:

R ysting - samr ystes:

Komit en er samd i r dmannen sitt framlegg til vedtak.

Saksordf rar: Arnt Henning Blom

PNT-038/19 Vedtak:

Tilr ding:

Kommunestyret er positive til at det vert fastsett ei Nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret vurderer likevel at kunnskapsgrunnlaget i dokumentet er for svakt til at ramma kan nyttast slik ho ligg f re. Kommunestyret meiner at området som er f reslege i Askvoll kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging, og at det m  takast ut av Nasjonal ramme for vindkraft.

18.09.2019 Kommunestyret

Handsaming:

R ysting - samr ystes:

Komit  for plan, n ring, milj  og teknikk si tilr ding vart vedteken.

KOM-051/19 Vedtak:

Kommunestyret er positive til at det vert fastsett ei Nasjonal ramme for vindkraft. Kommunestyret vurderer likevel at kunnskapsgrunnlaget i dokumentet er for svakt til at ramma kan nyttast slik ho ligg føre.

Kommunestyret meiner at området som er føreslege i Askvoll kommune ikkje er eigna til vindkraftutbygging, og at det må takast ut av Nasjonal ramme for vindkraft.

Kva saka gjeld:

Olje- og energidepartementet har sendt Nasjonal ramme for vindkraft på land på høyring. Askvoll kommune har høve til å gje uttale.

Saksutgreiing:

På oppdrag frå Olje- og energidepartementet (OED) har NVE laga eit framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. NVE sitt framlegg består av to delar; eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft og eit kart over dei mest eigna områda for vindkraft. Rapporten og 5 utsnitt av kartet er vedlagt saka.

NVE har etablert eit kunnskapsgrunnlag om verknader av vindkraft. Det er publisert 21 temarapportar basert på ein gjennomgang av norsk og internasjonal litteratur, erfaringar frå konsesjonshandsaming av vindkraftsaker og frå vindkraftverk i drift. Nasjonale fagstyresmakter og andre kunnskapsmiljø innanfor dei ulike temaa har delteke i utarbeidinga av rapportane. Dette er den mest omfattande kunnskapsgjennomgangen som har vore gjort av miljø- og samfunnsverknader av vindkraftverk i Norge.

Område er ekskludert i to steg; *harde* og *mjuke* eksklusjonar.

«Hard eksklusjon er eksklusjon av arealer som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk-økonomiske forhold, eller på grunn av at arealene er formelt vernet eller tilsvarende.»

Ein viktig premiss for valet av harde eksklusjonskriterier var at dei skulle vere udiskutable.

Det er nytta sju kriterier for hard eksklusjon:

- middelvind under 6,0 m/s i 120 meters høgde
- innsjøar med areal over 10 km²
- isbrear
- byar og tettstadar
- Avinor sine flyplassar
- nasjonalparker, landskapsvernområde og andre verneområde over 3 km²
- verdsarvområde (UNESCO)

«Myk eksklusjon er eksklusjon av arealer der virkningar for én enkeltinteresse i mange tilfeller tilsier at det ikke bør byggjes vindkraftverk.»

Det er nytta 22 kriterier for mjuk eksklusjon:

- important Bird Areas (IBA)
- nasjonale villreinområde med randsoner
- statleg sikra friluftslivsområde
- referanseområde for kystlynghei
- heilskaplege kulturlandskap med nasjonal eller vesentleg regional interesse (KULA-område)
- freda kulturmiljø
- buffersone kring verdsarvområde
- tentative verdsarvområde
- verneområde under 3 km²
- føreslegne verneområde
- innsjøar under 10 km²
- buffersoner kring drikkevasskjelder
- areal som ligg under 1 km frå tettstader
- område med minst tre støyfølsame bygningar per km²

- byggerestriksjonsareal (BRA-areal) kring Avinor sine flyplassar
- buffersoner på 500 meter frå Avinor sine radarar
- buffersoner på 5 km frå MET sine vêrradarar
- buffersoner på 2 km frå sendemastene i det digitale bakkenettet for TV-signal
- Forsvaret sine skytefelt
- internasjonalt og nasjonalt viktige mineralførekomstar
- areal med kompleks topografi
- skredutsette areal (jord-, flaum- og steinskred)

I tillegg er det nytta produksjonskostnad (LCOE) som ein indikator på kor eigna eit areal er for lønsam vindkraftproduksjon. Produksjonskostnaden avhenger av potensialet for vindkraftproduksjon i området, utbyggings- og driftskostnader med eit vindkraftanlegg i området, og eit gitt avkastningskrav. Høg middelvind og jamn vindhastigheit gir høgare produksjonspotensial. Høg middelvind, lite skogsdekke og enkel topografi gir lågare investeringskostnad. Det er laga eit kart som viser korleis estimerte produksjonskostnader fordeler seg geografisk. Informasjonen er nytta for å syte for at områda som vert peika ut som mest eigna for vindkraft har låge produksjonskostnader.

Det er vurdert 43 analyseområde for å peike ut dei mest eigna områda for vindkraft. Analyseskjema for område 19, der Askvoll kommune inngår, ligg ved. Analysene er gjort på eit overordna nivå. Ved planlegging av eit konkret vindkraftprosjekt i området må det gjennomførast konsekvensutgreiingar med eit mykje meir detaljert nivå.

I NVE sitt framlegg er det peika ut 13 område som direktoratet meiner er dei mest eigna for vindkraft på land i Norge. Òg innanfor dei utpeika områda er det område som ikkje eignar seg for vindkraft på grunn av konflikt med viktige interesser, eller som følgje av mindre gode vindressursar. NVE har lagt vekt på å unngå konflikhtar med viktige naturområde, og teke monalege omsyn til aktuelle tema, td. friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv, kulturminne og reindrift. Askvoll kommune inngår i område Sunnfjord og Sogn, kap. 49 s. 159 i fagrapporten.

Departementet ønskjer innspel til NVE sitt framlegg til nasjonal ramme og til *om* det bør fastsettast ei nasjonal ramme for vindkraft i Norge.

Vurdering:

I utgangspunktet ser administrasjonen nytteverdien av å ha ei Nasjonal ramme for vindkraft. Ein vil då ha eit kunnskapsgrunnlag og allereie ha silt vekk dei mest konfliktfylte områda i høve til vindkraftutbygging. Ein unngår då dei potensielt mest krevjande prosessane, og kan styre utbyggingsframlegg til meir eigna område. Slik administrasjonen ser det, kan Nasjonal ramme for vindkraft fungere som eit godt kunnskapsgrunnlag for vala og prioriteringane ein gjer i ein regional plan for vindkraft. Det er likevel uheldig om Nasjonal ramme vert sett på som «grønt lys» for utbygging i dei utvalde områda. Ein må vere tydeleg på at det framleis må gjerast utgreiingar i kvar enkelt utbyggingssak, der det kan vise seg at eit areal ikkje er eigna likevel.

Dersom Nasjonal ramme skal ha den funksjonen som er tiltenkt, er det viktig at kunnskapsgrunnlaget er så godt som mogeleg. Administrasjonen er tvilande til at det er det, slik Nasjonal ramme er presentert no. Det går td. fram av temaside for Nasjonal

ramme for vindkraft på nve.no at det er ei rekkje tema/eksklusjonskriterier som er vurdert, men ikkje teke med, fordi det manglar landsdekkande kartlag. Det er òg mange tema som ikkje er vurdert i det heile. Sjølv om ein har gjort generelle vurderingar av øvrige tema i analysen av dei områda som ikkje er ekskludert, trur administrasjonen at ein fort kan komme feil ut, fordi kunnskapen er for liten og vurderingane for overordna.

For Askvoll kommune sin del ser administrasjonen fleire tema som er viktige, men som er undervurdert eller ikkje i særleg grad er del av vurderingane i Nasjonal ramme. Under vert det omtalt fleire døme.

Dei områda som står att etter eksklusjonane, er i stor grad dei høgstliggjande fjellområda. Om ein ser vekk frå vasskraftutbygging og kraftliner, er desse områda nesten som urørte å rekne for turgåarar. Områda er òg i stor grad nytta til friluftsliv, td. området kring Moldura og Longevassheia der Nipebu ligg. Mange av fjelltoppane i området er «poeng-toppar» i eit av dei lokale idrettslaga sin fjelltrim. Det er mange stølar i området, som vert nytta ved tilsyn av beitedyr og minst like mykje som turmål eller rasteplass for andre. I tidlegare kartlegging av viktige friluftsområde i kommunen – FRIDA-registeret – er mesteparten av det eigna området registrert som regionalt viktig. Denne klassifiseringa står seg enno. Turlagshytta Nipebu ligg sentralt i området som er vurdert som eigna for vindkraft. Hytta er knytt til stinett mot ei anna turlagshytte, Massbu, lenger aust. Merka stiar frå fleire ulike retningar i kommunen samlar seg ved Nipebu. Administrasjonen kan ikkje sjå at det er i samsvar med desse friluftsverdiane å plassere vindmøller i nærleiken. Fjellområda i kommunen ligg tett på der folk bur, og er lett tilgjengelege – det er kort veg frå bebyggelsen og opp på fjellet. Utbygging av vindmøller med tilhøyrande veganlegg kan føre til at fleire kjem seg ut i naturen. Det er likevel ikkje alle som er interesserte i å gå tur på vegar. Askvollhalvøya er ganske smal, og plassering av vindmøller i det området som er vurdert som eigna, vil i praksis øydelegge meir eller mindre heile fjellområdet i kommunen for friluftsliv for dei som ønskjer å gå i «urørt» natur.

Delar av Fossedalen er vurdert som eigna for vindkraft. Fossedalen har ei særskilt stilling som kulturlandskap blant mange, og inngrep er ikkje ønskeleg i deira oppfatning. Kommunen har fleire gonger opp gjennom åra sagt nei til vasskraftutbygging. Det vert då eit paradoks om ein skal tillate vindmøller her.

Landbruk er ikkje tema i Nasjonal ramme, og det går ikkje fram korleis konsekvensane for beitedyr vert vurdert. Det utvalde området er mykje nytta til beite.

Det er ikkje vurdert omsyn til hjort. Administrasjonen kjenner til at det er mykje hjort, td. i området ved Stongstølsvatnet/Gjerdedalen.

Det er generelt gjort få registreringar og kartleggingar av ulikt slag i kommunen. Kartlegging av naturverdiar, anten det gjeld plante- eller dyreliv, er nesten ikkje utført i fjellområda. Det gjer at ein i stor grad er avhengig av lokalkunnskap for å vurdere om området er eigna til vindkraft no. I ei framtidig utbyggingssak kan ein gjere registreringar og hente inn slik kunnskap. Ut frå lokalkunnskap kan ein kanskje fastslå allereie i dag at område er uaktuelle for vindkraftutbygging. Det vil sjølvstødt aldri ligge føre nok kunnskap i Nasjonal ramme til at ein kan konkludere heilt med at eit område er eigna til vindkraftutbygging. Ein lyt velje ut nokre tema. Det er likevel eit dilemma at Nasjonal ramme skal gjere overordna vurderingar, medan det samtidig manglar gode nok

kartleggingar til at ramma vert så fullstendig som ein ønskjer. Manglande kunnskap kan føre til falske forventningar om kor mykje areal ein har til rådighet til vindkraftutbygging, og dermed til feilvurderingar/-prioriteringar.

Administrasjonen meiner at dei vurderingane som er gjort av areala i kommunen er for overflatiske, og ikkje speglar dei interessekonfliktene som er der. Etter administrasjonen sitt syn bør områda i kommunen takast ut av Nasjonal ramme for vindkraft fordi dei er ueigna til vindkraftutbygging.

I kap. 49.5 om regional plan for vindkraft er det tilsynelatande ein «klipp-og-lim»-feil, der det er omtalt Møre og Romsdal og Vågsøy og Selje kommunar som ikkje ligg innanfor det utvalte området.

Konklusjon:

Administrasjonen meiner at idéen om ei Nasjonal ramme for vindkraftutbygging på land er god. Det er likevel for dårleg kunnskapsgrunnlag i ramma til å velje ut område som er betre eigna enn andre til vindkraft. Det bør jobbast meir med å supplere kunnskapsgrunnlaget. Etter administrasjonen si vurdering er områda som er vald ut i Askvoll kommune ikkje eigna til vindkraft, og bør takast ut av Nasjonal ramme.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

-

Vedlegg i saka:

15.04.2019	Høring - Nasjonal ramme for vindkraft	189679
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - forslag	199378
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - kartutsnitt Sogn og Fjordane	199414
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - kartutsnitt Askvoll	199379
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - harde eksklusjonar - kartutsnitt Askvoll	199382
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - mjuke eksklusjonar - kartutsnitt Askvoll	199380
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - samla eksklusjonar - kartutsnitt Askvoll	199381
12.09.2019	Nasjonal ramme for vindkraft - analyseskjema område 19	199383

Andre dokument i saken:

27.08.2019 Kommunane sine uttaler til Nasjonal ramme for vindkraft på land

10.06.2019 Analyseskjema for område 19 vindkraft

12.04.2019 Ny høyringsfrist - nasjonal ramme for vindkraft

04.04.2019 Høyring - Nasjonal ramme for vindkraft

23.10.2018 Innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land

- 04.09.2018 Høyring av Nasjonal ramme for vindkraft, høyringsfrist 20.september 2018. På ramme alvor!
- 06.09.2018 Nasjonal ramme for vindkraft - Utsatt frist for innspill til 20.10.2018
- 04.09.2018 Vern om de viktigaste natur- og friluftslivsområda i Sogn og Fjordane – gje innspel til Nasjonal ramme for vindkraftverk
- 31.08.2018 Nasjonal ramme for vindkraft - brev fra natur- og friluftslivsorganisasjoner
- 11.06.2018 Nasjonal ramme for vindkraft på land – Innspill om viktige regionale interesser